

**Fra:** Bjørnar Withbro (Bjornar.Withbro@stord.kommune.no)

**Sendt:** 28.10.2016 14:25:49

**Til:** Kari Skibenes

**Kopi:** Ruth Ørnhol

**Emne:** SV: Folkebibliotekstatistikk for 2015 - rangeringstabell

**Vedlegg:** image001.png

Hei

Eg skil meg kanskje ut av di eg har liten sans for at fylkesbiblioteket lagar slike «rankingslister». Ein mogleg grunn er sjølvagt at Stord mange år har havna langt nede i ulike rankingar. Dette gjeld også i år kor eg og personalet har stått på som berre det for å drive bibliotek med dei ressursane vi *har*, når det gjelder personale, økonomi m.v. Arbeidsmotivasjon er viktig i tider med vanskeleg økonomi, og slike rankinglister bidreg ikkje til det, korkje for meg som biblioteksjef eller bibliotekpersonalet. Negative presseoppslag virker på same måte.

Profesjonelle biblioteksjefar skjøner godt samanhengen mellom statistikktal og ressurrammer. Profesjonelle biblioteksjefar veit godt å nytte eigen statistikk i argumentasjon i eige politisk miljø. Eg reknar meg som ein slik biblioteksjef.

Føresetnadene er ulike rundt om i kommunane for bibliotekdrift, og samanlikning vert derfor urettvis. Det kan elles vere innslag av kreativ statistikkføring rundt om som bidreg til at statistikken vert ulik.

**Eg vil sterkt oppmode fylkesbiblioteket om ikkje på lage slike rankingar.**

**Dere bør gjere ei prinsipiell vurdering av sak, etter mi meining.**

Med helsing Bjørnar Withbro, Stord

---

**Fra:** Kari Skibenes [mailto:[Kari.Shibenes@hfk.no](mailto:Kari.Shibenes@hfk.no)]

**Sendt:** 28. oktober 2016 10:26

**Til:** Askøy Folkebibliotek; Austevoll folkebibliotek; Bergen Off. bibliotek; Bjørnar Withbro; Bømlo folkebibliotek; David Alberto Lunde Sanchez; Eidfjord folkeboksamling; Etne bibliotek; Fedje Folkebibliotek; Fitjar folkebibliotek; Fjell folkeboksamling; Fusa folkebibliotek; Jondal bibliotek; Kinsarvik bibliotek; Kvam folkeboksamling; Kvinnherad bibliotek; Lindås folkeboksamling; Masfjorden folkebibliotek; Meland bibliotek; Modalen folkebibliotek; Odda bibliotek; Os folkebibliotek; Osterøy bibliotek; Radøy folkeboksamling; Ruth Ørnhol; Samnanger folkebibliotek; Sigrid Furnes; Folkebibliotek; Sund folkebibliotek; Sveio folkebibliotek; Terje Haugsgjerd; Tysnes folkebibliotek; Vaksdal folkebibliotek; Voss bibliotek; Øygarden Bibliotek

**Kopi:** Marit Rønnevik

**Emne:** Folkebibliotekstatistikk for 2015 - rangeringstabell

Hei.

Det er fleire bibliotek som har etterlyst ein slik rangeringstabell som Ágúst brukte å sette opp på grunnlag av folkebibliotekstatistikken. Difor har eg laga ein no.

Eg skjønar at dette er noko fleire ynskjer, så eg skal vere litt raskare med å sette opp dette for 2016-statistikken. Om det er andre forhold de vil skal vere med i seinare tabellar, er det berre å sende meg ei melding.

Venleg helsing

**Kari Skibenes**

Spesialrådgjevar



Tlf: 55 23 93 74

[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket)